Resultatkrav frå Helse Vest RHF er satt til 1,0 mill kr kvart år i langtidsperioden.

Føresetnader, føringar og usikkerheit

- *Alle tal er i 2023 kroneverdi.*
- *Det er ikkje teke høgde for eventuelle endringar i SLA som får kostnadskonsekvensar.*
- *Budsjetttramme for digitalisering for drift og investering vart vedtatt i Direktørmøtet 13. mars.*
- *Drift av løysingar utanfor eigen organisasjon for løysingar relatert til AMK, Digital Patologi og andre nasjonale prosjekt er lagt inn saman med ramme for digitalisering og ordinær drift, men det er stor usikkerheit i estimat på årlege kostnader.*

Økonomisk langtidsplan 2024 – 2028

Økonomisk langtidsplan (tal i 1 000)	Budsjett	Langtidsbudsjett				
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Salsinntekter - Tenester HF	1 521 796	1 646 087	1 720 226	1 763 526	1 842 654	1 894 100
Salsinntekter - Tenester Øvrige	72 920	78 690	81 951	84 106	87 791	90 312
Salsinntekter - Anna/Tilskudd	36 595	36 595	36 595	36 595	36 595	36 595
Sum Salsinntekter	1 631 311	1 761 372	1 838 772	1 884 228	1 967 039	2 021 007
Driftskostnader - Varer	30 465	30 465	30 465	33 465	33 465	33 465
Driftskostnader - Personal	508 519	542 944	561 281	561 570	565 202	576 025
Driftskostnader - Avskrivningar	342 244	373 695	404 702	430 013	496 251	527 325
Driftskostnader - Eksterne tenester	105 089	103 372	106 690	110 710	115 035	119 658
Driftskostnader - Lisensar	440 621	487 616	509 938	522 194	530 245	539 991
Driftskostnader - Reise	7 869	7 571	7 488	7 066	6 633	6 335
Driftskostnader - Linjeleie	37 467	38 467	38 967	38 967	38 967	38 967
Driftskostnader - Anna	94 037	108 241	105 241	103 241	103 241	103 241
Sum Driftskostnader	1 566 311	1 692 372	1 764 772	1 807 228	1 889 039	1 945 007
Driftsresultat	65 000	69 000	74 000	77 000	78 000	76 000
Inntekt - Finans	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Kostnad - Finans	65 000	69 000	74 000	77 000	78 000	76 000
Sum Finans	-64 000	-68 000	-73 000	-76 000	-77 000	-75 000
Resultat	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000

I fordeling mellom helseføretaka er det i stor grad brukt overordna fordelingsnøklar, og ikkje fordeling av kvar enkelt teneste som ein gjør i årsbudsjettet. Fordelinga vil derfor kunne variere noko mellom økonomisk langtidsplan og årsbudsjett.

Inntekt per HF (tal i 1 000)	Budsjett 2023	Budsjettert inntektside detaljert				
		2024	2025	2026	2027	2028
SUM Helse Stavanger HF	414 123	460 844	470 172	484 041	504 658	520 169
- Varer	5 181	5 181	5 181	8 181	8 181	8 181
- Portefølje	34 071	37 837	41 621	45 945	50 540	55 405
- Arbeidsoppdrag	955	955	955	955	955	955
- Byggeprosjekt (inkl avskrivinger)	25 275	36 622	22 510	20 433	19 732	19 732
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	348 641	380 249	399 904	408 526	425 250	435 896
SUM Helse Fonna HF	205 713	222 206	238 684	239 742	251 080	257 741
- Varer	2 681	2 681	2 681	2 681	2 681	2 681
- Portefølje	17 363	17 354	19 282	21 210	23 414	25 755
- Arbeidsoppdrag	200	200	200	200	200	200
- Byggeprosjekt (inkl avskrivinger)	2 628	2 554	6 796	1 404	1 767	503
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	182 841	199 417	209 726	214 247	223 018	228 601
SUM Helse Bergen HF	666 201	709 266	747 513	769 230	803 505	825 721
- Varer	15 437	15 437	15 437	15 437	15 437	15 437
- Portefølje	52 274	52 247	58 052	63 857	70 492	77 541
- Arbeidsoppdrag	1 814	1 814	1 814	1 814	1 814	1 814
- Byggeprosjekt (inkl avskrivinger)	14 484	4 794	4 414	5 928	5 641	3 031
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	582 192	634 974	667 796	682 194	710 121	727 898
SUM Helse Førde HF	164 722	178 438	185 283	190 444	200 420	205 343
- Varer	3 779	3 779	3 779	3 779	3 779	3 779
- Portefølje	14 772	14 765	16 406	18 046	19 921	21 913
- Arbeidsoppdrag	320	320	320	320	320	320
- Byggeprosjekt (inkl avskrivinger)	3 523	4 342	1 523	1 523	2 797	1 382
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	142 328	155 231	163 256	166 775	173 603	177 949
SUM Sjukehusapoteka Vest HF	29 640	31 945	33 510	34 271	35 641	36 578
- Varer	424	424	424	424	424	424
- Portefølje	1 186	1 185	1 317	1 449	1 599	1 759
- Arbeidsoppdrag	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	25 430	27 735	29 169	29 798	31 018	31 794
SUM Helse Vest RHF	41 397	43 388	45 063	46 041	47 593	48 793
- Varer	493	493	493	493	493	493
- Portefølje	3 917	3 915	4 350	4 785	5 282	5 810
- Arbeidsoppdrag	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	21 987	23 980	25 220	25 764	26 818	27 490

Budsjettramme for digitalisering, investeringar og ikkje-aktiverbare kostnader

I samråd med sekretariatet for digitalisering har ein sett det totale investeringsnivået og nivå på ikkje-aktiverbare kostnader. Det har vore fokus på kva som er planlagte satsingar, ikkje på korleis gjennomføring skal organiserast, og det kan vere at deler av planen gjennomførast på andre måtar enn prosjekt, til dømes som forbetring i forvaltning, eller som produktområder.

Identifiserte initiativ og satsingsområde viser eit høgt ambisjonsnivå, og ein må ha mekanismar for å prioritere og leggje aktivitet ut i heile planperioden.

Utfordringa i 2022 og så langt i 2023 har vore tilgjengeleg kompetanse og kapasitet, og ein har ikkje sette det som realistisk å auke denne. Med bakgrunn i dette var det vedtatt ei årleg ramme på 525 mill kr (investeringar og ikkje-aktiverbare).

I løpet av 2023/2024 vil fleire av dei store innføringane være ferdig, og ein vil gå inn i ein fase med meir forbetningsarbeid enn innføring av nye store løysingar, sjølv om nokre område fortsett står igjen. Saman med overgang til fleire skyløysingar vil det gi ei endring frå investering til ikkje-aktiverbare kostnader, noko som vil auke kostnader som blir vidarefakturert frå Helse Vest IKT, og redusere investeringane tilsvarende. Forventa ressursinnsats frå Helse Vest IKT og frå helseføretaka i langtidspanoden vil med det være på nokolunde same nivå som i 2022/2023.

År	Investering	Ikke-aktiverbar
2023	393	126
2024	385	140
2025	371	154
2026	355	170
2027	338	187
2028	320	205

Økonomisk langtidsplan for portefølje vart vedtatt i Porteføljestyret 13.mars, og legg føringar for økonomisk langtidsplan for Helse Vest IKT.

Det er også lagt inn tillegg for arbeidsoppdrag frå helseføretaka med same nivå som i 2023.

Infrastruktur – investeringar

IKT-infrastrukturen er ein nødvendig føresetnad for at dei løysingane vi bygger oppå skal fungere tilfredsstillande og sikkert. Det er særleg sett på støtte til nye behov som digitalisering av signalanlegg, lagring av bilete, plattform for mobilitet og medisinsk. I tillegg er det lagt stor vekt på IKT-sikkerheit, mellom anna med etablering av katastrofemiljø og offline backup, noko som vil krevje eigen taperobot med lagringsmedia, egne serverar og lisensar.

I løpet av 2024/2025 skal dagens datahall i Green Mountain flyttast til ny datahall på Ullandhaug i Stavanger, noko som gir auka investeringsbehov i 2024/2025 til server og nettverk.

Det er fortsatt eit stort etterslep av utskifting PC'ar, og det er i tillegg eit stort behov for å bytte PC'ar som ikkje har kapasitet nok til windows 11 som kjem i løpet av 2023/2024.

I tillegg til investeringar i porteføljen kjem investeringar frå føretaka, mellom anna til trådløst nett og føretaksvisse investeringar. Dette er lagt inn på same nivå som i budsjett 2023 (investeringar til nybygg hos helseføretaka er ikkje med i dette).

Infrastruktur	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Server, lagring, nettverk, tele/signal	117 000	106 000	101 000	101 000	101 000	101 000
Leigeordning	60 000	90 000	90 000	90 000	90 000	90 000
Føretaksvisse investeringar	10 500	10 500	10 500	10 500	10 500	10 500
Utstyr byggeprosjekt	11 586	17 561	-	-	-	-
Sum	199 086	224 061	201 500	201 500	201 500	201 500

Byggeprosjekt

I planlegginga av innsats frå Helse Vest IKT til byggeprosjekta er det tett dialog med dei ulike byggeprosjekta, og leveransebeskriving viktig, dei skal regulere leveransane, og fungere som ei bestilling til Helse Vest IKT. Budsjetta skal så understøtta disse.

Ressursbehovet som er lagt til grunn for langtidsbudsjettet dekker regional byggstøtte, lokal byggstøtte, regional meldingsvarslar og regionalt smarte pasientrom.

Planlagde rehabiliteringsprosjekt i Stavanger (Våland) og Bergen (Sentralblokk) er ikkje tatt inn med ekstra ressursar frå Byggstøtte IKT. Eventuelt byggetrinn 2 i Stavanger (Ullandhaug) er ikkje tatt inn med ekstra ressursar frå Byggstøtte IKT.

Utstyr er budsjettet i dei lokale byggeprosjekta, og er også tatt inn i Helse Vest IKT sin investeringsplan, dette for å sikre nødvendig investeringsramme, likviditet og avskrivingskostnad.

ÅR 2024						
Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	4 030	801	1 649	619	145	7 245
Lokalt Byggeprosjekt	29 547	1 150	1 895	3 260		35 852
Regionalt Meldingsvarsler	2 958	588	1 210	455	106	5 317
Reiser	87	15	40	8		150
Utstyr	17 561					17 561
DELSUM	54 183	2 554	4 795	4 342		66 125
Lisenser Meldingsvarsler*						
SUM	54 183	2 554	4 795	4 342		66 125

ÅR 2025						
Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	4 030	801	1 649	619	145	7 245
Lokalt Byggeprosjekt	8 991	5 392	-	441		14 824
Regionalt Meldingsvarsler	2 958	588	1 210	455	106	5 317
Reiser	87	15	40	8		150
Utstyr						-
SUM	16 067	6 796	2 900	1 523	251	27 536

ÅR 2026						
Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	4 030	801	1 649	619	145	7 245
Lokalt Byggeprosjekt	3 402	-	-	441		3 843
Regionalt Meldingsvarsler	2 958	588	1 210	455	106	5 317
Reiser	87	15	40	8		150
Utstyr						-
SUM	10 477	1 404	2 900	1 523	251	16 555

ÅR 2027						
Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	3 329	662	1 362	512	120	5 985
Lokalt Byggeprosjekt	3 402	-	-	441		3 843
Regionalt Meldingsvarsler	2 958	588	1 210	455	106	5 317
Reiser	87	15	40	8		150
Utstyr						-
SUM	9 776	1 265	2 613	1 415	251	15 295

ÅR 2028						
Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	3 329	662	1 362	512	120	5 985
Lokalt Byggeprosjekt	3 402	-	-	441		3 843
Regionalt Meldingsvarsler	2 958	588	1 210	455	106	5 317
Reiser	87	15	40	8		150
Utstyr						-
SUM	9 776	1 265	2 613	1 415	251	15 295

Områder for strategiske initiativ og prioritering i langtidsperioden

Digital plattform

Etablering av ein digital plattform er i gang, og utvikling av denne vil vere eit prioritert område i langtidsperioden. Dette er eit omfattande grunnmursarbeid, og vil auke evne til smidighet, brukervennlighet, fleksibilitet og kostnadseffektivitet om ein lukkast. Omfang er enno uavklart, og må sjåast i samanheng med mange områder – mellom anna graden av eigenutvikling, IoT, integrasjon,

sikkerheit og dataforvaltning. For å etablere ein heilskapleg, fleksibel og robust plattform må Helse Vest IKT involvere eit bredt grunnlag av sin kompetanse. Eit sentralt element i langtidspanen er å etablere tydeleg datastyring for informasjonsflyt mellom applikasjonar.

Integrasjonar

Integrasjonar er eit viktig avhengighetsmoment for prosjekt i arbeidet med digitalisering. Helse Vest IKT vil i løpet av 2023 oppdatere integrasjonsløysinga Biztalk, noko som vil gje auka moglegheit for integrasjonsutvikling. I tillegg må kapasitet i Helse Vest IKT og hos sentrale leverandørar aukast.

Sanntidsdata frå klinikkane

Føretaka har etterspurt presentasjon av sanntidsdata for å sikra rasjonell drift, dette er i første omgang knytt til funksjonalitet i Imatis, men kan og vere aktuelt for fleire løysingar på sikt.

Digitale helsetenester

Helse Vest arbeider med å ta i bruk digitale helsetenester i den praktiske kliniske drifta i flest mogleg avdelingar og fagfelt. I tillegg er det starta eit arbeid med langsiktig strategi for digitale helsetenester. Sett i lys av dette, og aukande fokus på behov for å redusere arbeidskraft i helsesektoren, er det i langtidspanen eit klart behov for å satse på digitale helsetenester i Helse Vest IKT. Arbeid med å definere omfang og tilhøyrande finansiering er i gang, og må sjåast i samheng med ny styringsstruktur for digitalisering med rammefinansiering.

Helse Vest IKT vil i langtidspanen prioritere disse områda, noko som vil krevje kontinuerleg utvikling av kompetanse og kapasitet, grunnkomponentar, api-management m.v.

Områder for innsparing og effektivisering i langtidspanen

Overgang til skyløysingar

Overgang til skyløysingar for mellom anna e-post, intranet og teams gir innsparingar på bruk av interne serverar, lagringsplass og drift/forvaltning av løysingane. Innsparingane på lagring utgjer om lag 1,5 mill årleg, og i tillegg kjem redusert investeringsbehov til lagring i langtidspanen.

Utfasing av løysingar, konsolidering av løysingar

Det er i samarbeid med HF'ane satt i gang eit arbeid med å fase ut mindre løysingar som er lite brukt, eller der ein har fleire løysingar som nyttast ulikt i føretaka. I tillegg vert det gjort gjennomgang av tal på brukarar/lisensar i dei store løysingane. Det er i langtidspanen lagt inn ein ambisjon om å spare 1 mill årleg som resultat av dette arbeidet.

Automatisering og bruk av robotar

Innanfor områda samhandling, brukaradministrasjon og tilgangsstyring er det framleis moglegheit for effektivisering, og ein ser også på ytterlegare bruk av automatisering innanfor server og nettverk.

Lisens og vedlikehaldsavtalar nye løysingar

Fleire av dei store pågåande innføringsprosjekta går over i ordinær forvaltning i løpet av 2023 og 2024, dette gjeld Dips Arena, Libra 2 (SAP), Norse feedback og Imatis. Dette gir ei vesentleg auke i årlege lisenskostnadar og avskrivningar frå 2024. I tillegg kjem innføring av AMK i løpet av langtidspanen.

Innføring av skytenester vil gi nye muligheiter, men også auka kostnadar. Helse Vest IKT skal inngå ny avtale med Microsoft frå 1. april 2024.

I langtidspanen er det lagt inn ein overgang til M365 der brukarar nyttar ulike lisensar for Office, her ligg ein risiko for at ein i HF'ane vil velje dyrare lisensar for enkelte brukargrupper. Det ligg også ein risiko i forhold til tal på brukarar, spesielt når det gjeld midlertidige tilsette og studentar.

Skytenester vil gi auka kostnadar til bruksrett lisensar og forvaltning av løysingar, men også gi innsparing ved redusert behov for drift og forvaltning.

Utfasing av system

Systema som har vore i bruk for akuttmottak og lab vil delvis bli erstatta med konsoliderte, regionale løysingar gjennom Unilab og AMK.

Tilsette og ekstern innleie.

Det er utfordrande å gi eit godt anslag på nødvendig bemanning i langtidsperioden, og kor mykje som vil bli løyst med eigen bemanning, og kor mykje ein vil kjøpe av tenester frå andre i til dømes skyløysingar, nasjonale løysingar og i samhandling med pasientar, fastlegar og kommunehelsetenesta. I tillegg har det i det siste året vorte vanskelegare å få søkarar til ledige stillingar, og turnover er framleis høg. I den arbeidsmarknaden ein har i dag er det ikkje sikkert at ein klarer å tilsette så mange som ønska, og ein kan da bli nøyd til å auke innleie, redusere aktivitet, eller sjå på muligheter for til dømes partnerselskap, endra sourcing mv.

Innanfor områder som kunstig intelligens, løysingar for medisinteknisk utstyr og digital plattform er det svært usikkert kor mykje bemanning og innleie som er nødvendig, noko som aukar usikkerheita i langtidsplanen.

Helse Vest IKT har auka bemanninga med om lag 6 - 7% årleg dei siste åra. I utkastet til langtidsbudsjett er det lagt inn ei ramme på 4% i 2024, mens det er venta ein nedgang i resten av langtidsperioden som følgje av redusert behov til ressursar i byggstøtte, og ein må her sikre nødvendig fleksibilitet på bemanning med innleie, midlertidig tilsette og naturleg avgang.

I vurdering av framtidig bemanning er det også tatt omsyn til innsparing ved utfasing av løysingar, konsolidering, nye driftsmodellar i skyløysingar, M365, automatisering av brukaradministrasjon og tilgangsstyring, robotisering, samt effekt av automatiserte løysingar for server- og nettverksadministrasjon. Det er ikkje lagt inn effekt på tal på tilsette, men i staden lagt inn eit ambisjonsnivå med årleg kostnadsreduksjon på 5 mill. kr frå 2024.

I området byggstøtte er det foreløpig etterspurt om lag 35 årsverk i 2023, om lag 38 årsverk i 2024, om lag 22 årsverk i 2025, for deretter å få en nedgang til 0 i 2028/2029.

Det er planlagt å auke tal på lærlingar i langtidsperioden.

Bemanning	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Budsjett ved utgangen av året	770	800	795	786	790	795

I prosjektporteføljen er det lagt opp til nokolunde same totalnivå i langtidsperioden, men fordelinga mellom investering og ikkje-aktiverbar er endra, noko som også gi endring i talet på timar levert frå Helse Vest IKT som balanseførast som investering. I langtidsperioden er det lagt opp til same deling mellom lisensar, eksterne konsulentar og interne timar som i budsjett 2023.

Bruken av eksterne og leige frå føretaka er budsjettert med eit litt lågare nivå for 2024, men med eit høgare nivå i langtidsperioden, mykje grunna endring i mellom investering og ikkje-aktiverbar (ref portefølje). Dette gir auke av budsjett for eksterne tenester i driftsregnskapet. Det er i tillegg stor usikkerheit knytt til drift og forvaltning av nye nasjonale løysingar og skytenester, noko som kan komme som eksterne tenester i staden for intern forvaltning i Helse Vest IKT.

Reisekostnadar er lagt inn med same nivå som i 2023, justert for tal på tilsette, og med ein årleg reduksjon på 5%.

Desktoppriis

Vi ventar ei auke i prisen som følgje av auka rentekostnadar. I overgangen til ein meir områdeorientert økonomimodell vil også tilnærming til «desktoppriis» verte vurdert.

Tilskot

Tilskot går gjennom Helse Vest RHF, og reduserer inntekt mot helseføretaka tilsvarende som reduksjon på Desktoppris, ikkje på det enkelte produkt/teneste.

- Helse Vest IKT får tilskot til å dekke drift og utvikling av medisinske register. Dette er budsjettert til 5,0 mill. i årleg inntekt i 2023 – 2028.
- I tillegg dekker Helse Vest RHF «meirkostnaden» til pensjon, og vi har estimert dette til 31,6 mill.

Leige lokaler

Helse Vest IKT leiger i dag lokalar frå helseføretaka og eksterne. I Bergen har vi tilsette i 6 ulike bygg, og det er ikkje nok kontorplassar og møterom, og det er heller ikkje godt egna til prosjektarbeid. I Stavanger, Haugesund og Førde har vi i hovudsak tilsette i same bygg.

I Stavanger er nye lokalar i Innovasjonsparken på Ullandhaug tatt i bruk, og i Bergen vil flytting til nye lokalar i Kronstad X skje sommaren 2023.

Som følge av dette vil vi få ei auke i årleg husleige, og dette er lagt inn i økonomisk langtidsplan (i posten Driftskostnadar Anna).

Helse Vest IKT leiger i dag datahall eksternt i Stavanger, og vil flytte denne inn ny datahall hos Stavanger Universitetssykehus når dette er ferdig i 2025, og vil gjennom det få redusert kostnad.

Etablering av katastrofemiljø og offline backup vil krevje egne lokalar med egen infrastruktur. Dette vil gje ei auke av årleg husleige og tilhøyrande nettverksleige.

Føresetnader og sjablongar

Her er lista dei viktigaste føresetnadene og sjablongane som ligg til grunn for budsjettet.

- Avskrivningar på eksisterande anleggsmasse er ført fram for heile budsjettperioden, pågåande prosjekt under utvikling er føresett produksjonssatt etter estimert avslutningsdato for prosjekta, og nye prosjekt er avskrivne over 10 år. Infrastruktur er avskrivne over 5 år, leigeutstyr over 4 år.
- Nye applikasjonar i porteføljen reknar ein vert produksjonssatt i året etter budsjettår.
- Vi viser netto faste vedlikehaldskostnader, men bak dette ligg brutto auke minus venta reduksjon som fylgje av terminering av system med oppseiing av vedlikehaldskontraktar. Her er nytta same sjablongar som for tilgang av nye system nemnd over. Ein slik føresetnad om at ein kan sei opp vedlikehaldskontrakt så snart et system er ferdig avskrive er i praksis noko optimistisk (system vert ofte nytta lenger enn avskrivningstida).
- Finanskostnadar er kalkulert etter retningslinjer i Helse Vest:
Med bakgrunn i dette ber Helse Vest om at føretaka set renta i langtidsplan til 3,5 prosent i 2024, og med ei gradvis nedgang til 3,2 prosent i 2028:

	2024	2025	2026	2027	2028
Renteprogno	3,5 %	3,3 %	3,3 %	3,3 %	3,2 %

Likviditet

	2023	2024	2025	2026	2027	2028
KONTANTSTRØMMER FRÅ OPERASJONELL AKTIVITET:						
Resultat	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Ordinære avskrivningar	342 244 000	373 695 215	404 702 281	430 013 079	496 251 321	527 325 154
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefaktur	-151 705 734	-148 617 577	-143 213 301	-137 036 986	-130 474 652	-123 526 297
Endring i kortsiktig fordring/gjeld	0	0	0	0	0	0
= Netto kontantstrømmer frå operasjonell aktivitet	191 538 266	226 077 638	262 488 980	293 976 093	366 776 669	404 798 857
Periodisert pensjonskostnad	82 135 000	88 453 077	91 899 301	91 095 182	90 291 063	89 486 944
Betalt pensjonspremie	-73 135 000	-79 453 077	-82 899 301	-82 095 182	-81 291 063	-80 486 944
= Endring i driftslikviditet	200 538 266	235 077 638	271 488 980	302 976 093	375 776 669	413 798 857
KONTANTSTRØMMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITET:						
Utbetaling applikasjonsprosjekt	-341 600 000	-360 000 000	-345 000 000	-330 000 000	-313 000 000	-313 000 000
Infrastrukturinvesteringar	-117 000 000	-106 000 000	-101 000 000	-101 000 000	-101 000 000	-101 000 000
Aktivert leieutstyr alle	-60 000 000	-90 000 000	-90 000 000	-90 000 000	-90 000 000	-90 000 000
Investeringar løysingar i forvaltning	-51 400 000	-17 500 000	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000
Investeringar frå føretaka	-19 000 000	-10 500 000	-10 500 000	-10 500 000	-10 500 000	-10 500 000
Investeringar frå byggeprosjekt	-11 586 000	-17 561 000	0	0	0	0
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefaktur	151 705 734	148 617 577	143 213 301	137 036 986	130 474 652	123 526 297
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet	-448 880 266	-452 943 423	-410 786 699	-401 963 014	-391 525 348	-398 473 703
KONTANTSTRØMMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITET:						
Innbetaling av nye lån frå Helse Vest RHF	363 600 000	363 600 000	263 600 000	263 600 000	163 600 000	163 600 000
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gje	-163 600 000	-163 600 000	-163 600 000	-163 600 000	-163 600 000	-163 600 000
= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet (netto lån)	200 000 000	200 000 000	100 000 000	100 000 000	0	0
Over-/underskuddslikviditet investeringar	-248 880 266	-252 943 423	-310 786 699	-301 963 014	-391 525 348	-398 473 703
= Total endring likviditet	-48 342 000	-17 865 785	-39 297 719	1 013 079	-15 748 679	15 325 154
Inngående likviditetsbeholdning i perioden	97 948 000	49 606 000	31 740 215	-7 557 504	-6 544 425	-22 293 105
= Utgåande likviditetsbeholdning	49 606 000	31 740 215	-7 557 504	-6 544 425	-22 293 105	-6 967 951

SAK 020-23

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 20.04.2023
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Ole Fr. Gulbrandsen, Leif Nordland.
SAKA GJELD: Retningslinjer for leiarløn

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 020/23

STYREMØTE: 27.04.2023

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek retningslinjer for leiarløn.

Oppsummering

I saka blir det fremma forslag til oppdaterte retningslinjer for leiarløn i Helse Vest IKT.

Saka er ei oppfølging av styresak 007-23 med tilhøyrande vedlegg.

Retningslinjene skal bidra til å oppnå føretaket sitt mål, samstundes som offentlege midlar blir nytta effektivt. Retningslinjene skal og gi styret trygghet for at godtgjeringsordningane ikkje er urimelege, ikkje gir uheldige verknader for føretaket eller svekker Helse Vest IKT sitt omdømme.

Fakta

Med bakgrunn i endra regler om leiarløn i allmennaksjelova og Nærings- og fiskeridepartementet sine retningslinjer for leiarløn i selskap med statleg eigardel av 30. april 2021, vart Helse Vest RHF sine vedtekter, § 16 a *Erklæring om ledernes ansettelsesvilkår*, endra i føretaksmøte 10. januar 2022. Som ei oppfølging av dette vart vedtektene til helseføretaka endra tilsvarende i føretaksmøtet 23. februar 2022.

Oppdaterte vedtekter stiller krav til at nye retningslinjer skal bli lagt fram som eiga sak for Styret i Helse Vest IKT, dvs. det styremøtet som skal godkjenne rekneskapen for 2022. Styret vedtok rapport om løn og anna godtgjerse for Helse Vest IKT for 2022 under føresetnad om godkjenning av retningslinjer for leiarløn i Styremøtet 27. april 2023. Retningslinjer om leiarløn inngjekk derfor ikkje som del av årsrekneskapen for 2022, men blir i staden lagt fram i denne saka.

Kommentarar

Forslag til nye retningslinjer følgjer saka som vedlegg 1.

Dei nye retningslinjene tek utgangspunkt i tidlegare retningslinjer som har vore felles mellom helseregionane, og dei reviderte retningslinjene som vart vedtekne for Helse Vest RHF.

Samstundes blir retningslinjene noko utvida, dette for å ivareta krava i *Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med statlig eierandel* og krava i *forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer (FOR-2020-12-11-2730)*.

Eit hovudpoeng i retningslinjene er at godtgjeringa ikkje skal vere lønsleiande, men konkurransedyktig slik at føretaket får rekruttert og behaldt gode leiarar. Omsynet til moderasjon skal ivaretakast. Dette skal balansere behovet for å rekruttere og behalde dyktige leiarar mot ei lønnsutvikling som er under kontroll. Helse Vest IKT er finansiert av offentlege midlar som skal nyttast på best mogleg måte for å oppnå dei mål som er sett for verksemda. Godtgjeringsordningane skal ikkje oppfattast som urimelege eller bidra til at omdømme blir svekka.

Hovudlementet i godtgjeringsordninga til leiarar og andre medarbeidarar i Helse Vest IKT er fastløn. Lønnsutviklinga i Helse Vest generelt skal vere ein del av vurderinga ved leiarlønssoppgjering for å sikre at leiarane som hovudregel har ein lønnsutvikling i samsvar med andre medarbeidarar.

Konklusjon

Administrerende direktør vurderer at retningslinjene legg til rette for at Helse Vest IKT kan tiltrekke seg og behalde dyktige leiarar, samstundes som omsynet til moderasjon blir ivareteke. Dette skal bidra til at Helse Vest IKT når sine mål, samstundes som offentlege midlar bli nytta på ein måte som ikkje bli oppfatta som urimelege eller svekker vårt omdømme.

Vedlegg:

- 1. Utkast til nye retningsliner for leiarløn**

Vedlegg 1: Retningslinjer for leiarlønn - utkast

Generelt

- Til grunn for Helse Vest IKT sine retningslinjer for leiarlønn ligg *Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med statlig eierandel* (fastsatt av Nærings- og fiskeridepartementet 30. april 2021).
- Godtgjering til leiarar skal fremme at føretaket oppnår sine mål og bærekraftig verdiskaping for spesialisthelsetenesta, medrekna bidra til føretaket sin strategi, langsiktige interesser og økonomiske bæreevne.
- Godtgjeringa skal ikkje vere lønsleiande, men konkurransedyktig slik at føretaket får rekruttert og beholdt gode leiarar. Omsynet til moderasjon skal ivaretakast.
- Hovudelementet i godtgjeringa skal vere fastlønnen.

Korleis retningslinjene bidreg til Helse Vest IKT sin strategi, langsiktige interesser og økonomiske bæreevne

- Konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande godtgjering til leiarar skal balansere behovet for å rekruttere og behalde dyktige leiarar, og ein lønsutvikling under kontroll. Rekruttering og stabilisering av dyktige leiarar er viktig for verksemda.
- Retningslinjene skal sørge for moderasjon. Føretaket er finansiert av offentlege midlar som skal nyttast til beste for pasientbehandlinga, samstundes som føretaket sine mål skal bli nådd.

Korleis løn og tilsettingsvilkår for Helse Vest IKT sine tilsette er teke omsyn til ved utforming av retningslinjene

- Lønsutviklinga i Helse Vest generelt skal vere ein del av vurderinga ved leiarlønsoppgjer, for å sikre at leiarane som hovudregel har ein lønsutvikling i samsvar med andre tilsette.
- Konkurransedyktig, men ikkje leiande løn skal bidra til at føretaket er ein attraktiv arbeidsplass for alle tilsette.
- Alle tilsette i Helse Vest IKT har fastlønsordning og same pensjonsordning

Om prosessen som blir nytta for å etablere, revidere og gjennomføre retningslinjene, medrekna tiltak for å førebygge og handtere interessekonfliktar.

- Retningslinjer, medrekna framtidige endringar, skal drøftast med tillitsvalde, og bli behandla av styret. Retningslinjene skal godkjennast av styret ved einkvar vesentleg endring og minst kvart fjerde år.

Fastsetting av basislønn

- Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterier bli lagt til grunn:
 - Lønsvivå i føretaksgruppa Helse Vest generelt
 - Lønsvivå i samanliknbare stillingar
 - Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.
 - *Resultatavhengig godtgjering skal vere basert på relevante, transparente og målbare kriterier. Det blir vist til gjeldande Lokal Lønnspolitikk i Helse Vest IKT.*

Årlege justeringar av leiarlønningane skal ikkje skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta. Lønnsjusteringane for administrerande direktør og leiande tilsette gjeld frå 01.01.

Variabel godtgjering eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basislønn

- Det er ikkje etablert variable element i Helse Vest IKT si godtgjering til leiande tilsette.

Pensjonsordning

- Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik linje med andre tilsette i Helse Vest IKT sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær løysing i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

Naturalytingar

- Ytingane blir vurdert i høve til kva leiar treng for å utøve stillinga, men avgrensa til å gjelde:
 - Mobiltelefonordning og dekning av internett i samsvar med føretaket sine føresegner
 - Heimekontor i samsvar med føretaket sine føresegner. *Det blir vist til Helse Vest IKTs gjeldande retningslinjer for heimekontor.*
 - Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtaler
 - Eventuelt avisabonnement

Pendlarar

- Reisekostnadar til leiande tilsette som pendlar kan dekkast. Normalt blir det ikkje ytt diett for slike reiser.

Sluttvederlag for administrerande direktør

- Dersom føretaket inngår avtale om sluttvederlag for administrerande direktør, skal avtalt sluttvederlag og løn i oppseiingstida ikkje overstige 12 månadslønner i sum.
- Sluttvederlaget skal reduserast krone for krone dersom administrerande direktør i sluttvederlagsperioden tiltrer ny stilling, får nye lønna verv eller mottok inntekt frå næringsverksemd der vedkomande er aktiv eigar.

- Dersom administrerande direktør sjølv tek initiativ til å avslutte arbeidsforholdet, blir det ikkje ytt sluttvederlag.

Anna

- Personar i leinga skal ikkje ha særskilt godtgjering for styreverv i andre føretak i føretaksgruppa eller i felleseigde helseføretak.

SAK 021-23

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 20.04.2023

SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Leif Nordland, Alexandra Reksten

SAKA GJELD: **Styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest**

ARKIVSAK:

STYRESAK: Styresak 21/23 0

STYREMØTE: 27.04.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret tek saka til orientering.*

Oppsummering

Helse Vest har vedteke å innføre felles overordna styringsstruktur for digitalisering (prosjekt, forvaltning, produkt og innovasjon) gjennom etablering av Digitaliseringsstyret.

Endring av styringsstruktur for digitalisering er eit viktig grep ved overgangen frå gjennomføring av store program for innføring av nye løysingar til eit kontinuerleg arbeid med forenkling og forbedring av eksisterande arbeidsprosessar og løysingar.

Målsettinga med ny styringsstruktur er å kome raskare frå behov til leveranse gjennom tverrfagleg og smidig samarbeid, og på den måten bidra til at sjukehusa kan møte framtidens kapasitetsutfordringar.

Drøfting

Innretning av arbeidet

Sekretariatet for digitalisering har fått i oppdrag å verifisere og bearbeide forslag til mandat for Digitaliseringsstyret, Sekretariatet for digitalisering, Områdestyrer og Områdeleiar. I tillegg skal dei verifisere og bearbeide eit forslag til områdeinndeling for digitalisering.

Mandat og områdeinndeling er til innspelsrunde i føretaka frem til 21/4, og skal handsamast i Direktørmøte 15. mai. Det er mål om å starte to eller tre områder hausten 2023 for å gjere seg erfaringar og byggje opp gode saksbehandlingsprosessar og arbeidsprosessar.


Det er etablert ei intern arbeidsgruppe i Helse Vest IKT som vurderer utkast til mandat og områdeinndeling, og gir innspel til regional arbeidsgruppe.

Det er gjennomført møte mellom sekretariatet og tillitsvalte/vernetenesta i Helse Vest IKT.

Hovudtrekk i ny styringsstruktur

Digitaliseringsstyret sett retning og rammer for utvikling og forbedring ut frå behov i helseføretaka. Styret i Helse Vest IKT sett retning og rammer for infrastruktur, kompetanse og kapasitet for å drifte og understøtte løysingar, samt sikre god IKT-sikkerheit og brukaradministrasjon.

Forslag til inndeling i områder er under arbeid, og ein tek utgangspunkt i følgjande generiske modell:



Den nye styringsstrukturen skal erstatte/konsolidere dei eksisterande strategiske styringsstrukturar

- Porteføljestyret
- Teknologirådet
- Ulike styrings- og forvaltningsorgan (eks: SSO, Libra etc)
- Programstyrer
- Systemeierforum
- Etc

I den nye styringsstrukturen vil Helse Vest IKT fortsette å ha hovudansvar for teknisk drift, basistjenester, overordna metodikk og prosess knytt til arkitektur, prosjektleiing, rapportering m.v.

Når forvaltning og prosjekt skal smeltes saman i ny styringsstruktur, vil dette påverke Helse Vest IKT og medarbeidarane i stor grad. Korleis ny styringsstruktur og linjeorganisasjon i Helse Vest IKT møter kvarandre i kvardagen er ikkje tydeleg i det materialet som ligg til nå. Helse Vest IKT sin arbeidsgruppe vil jobbe meir med dette i tida som kjem. I tillegg må Helse Vest IKT sin rolle i områdene avklarast.

Konklusjon

Arbeidet med ny styringsstruktur er godt i gang og det er viktig at Helse Vest IKT bidrar til framdrift og sikrar at Helse Vest IKT sitt ansvarsområde blir godt ivaretatt i den nye strukturen.

Vedlegg: Utkast til mandat for Digitaliseringsstyret

Mandat Digitaliseringsstyret

Formål

Digitaliseringsstyret er øverste styringsorgan for felles, regionalt arbeid med digitalisering¹ i Helse Vest. Digitaliseringsstyret skal sette og ivareta den overordnede retningen for digitalisering og sørge for gjennomføring av de strategiske satsningene. Inkludert i dette er oppfølging av digitaliseringstiltak i foretaksprotokoll og oppdragsdokument fra Helse- og omsorgsdepartementet.

Ansvar og oppgaver

- Sette de overordnede målene for digitalisering i Helse Vest.
- Godkjenne oppdragsdokumenter til områdene.
- Beslutter saker forberedt av Digitaliseringssekretariatet.
- Beslutte fordeling av finansiering mellom områdene i tråd med gjeldende økonomiprosesser.
- Beslutte oppretting av og endring i områder og deres ansvarsområder.
- Beslutte arkitekturføringer² som foretaksgruppen Helse Vest i fellesskap har ansvar for.
- Håndtere vesentlige avvik fra de definerte rammene gitt fra Digitaliseringsstyret (arkitektur, økonomi og nytte/gevinst).
- Legge til rette for at områdene lykkes, og etterspørre tilstrekkelig informasjon for å sikre forsvarlig styring.
- Evaluere om styringsstrukturen er hensiktsmessig og støtter opp om de målsettinger som er satt
- Beslutte innretning og sammensetning av områdestyrene, for å sikre en konsistent modell som ivaretar de allerede vedtatte prinsippene for ny styringsstruktur.
- Utnevne områdeeiere, leder for Digitaliseringssekretariat
- Godkjenne sammensetning av områdestyrene.

Sammensetning og organisering

Digitaliseringsstyret ledes av adm.dir i Helse Vest RHF og skal være konsensusbasert. Deltakerne i Digitaliseringsstyret sitter der i kraft av sitt ansvar og myndighet i rollen de har i linjen. HF-direktørene og direktør for Helse Vest IKT skal delta i digitaliseringsstyret med ansvar/myndighet som øverste sjef i egen virksomhet. Eventuell uenighet håndteres gjennom formelle styringslinjer.

Deltagere:

- Administrerende direktører for foretakene.
- Ledergruppen i Helse Vest RHF.
- Konserntillitsvalgt og Konsernhovedverneombud

I tillegg deltar alle områdeeiere i møtet som observatører med tale og forslagsrett.

Digitaliseringsstyret møtes 2-4 ganger per år.

Leder av Digitaliseringsstyret kan innkalle til ytterligere møter ved behov.

¹ «Digitalisering legger til rette for økt verdiskaping og innovasjon, og kan bidra til å øke produktiviteten.» (regjeringen.no)

² «De delene av arkitekturen som ikke ligger til Helse Vest IKT sitt ansvar og myndighet.»